

## Gbnr 131/9 Fønnes - Klagebehandling av løyve til deling etter jordlova

### Saka gjeld :

Jan Erik Vikebø klaga munnleg på vedtak i delingssak 19/289 i Austrheim kommune. Han hadde ynskje om endring av grenesene for tomten. Klage var framsatt innan klagefristen. Sakshandsamar og leiar for plan og utvikling i Austrheim kommune, Asbjørn N. Toft var på synfaring i saka.

På synfaringa vart me samde om nye grenselinjer for tomten. Arealet mellom den nye tomten og fylkesvegen vert for smal til å kunne drivast rasjonell grasproduksjon og ein såg det difor fornuftig å ta det arealet inn i tomten. Det vart også gjort ei lita justering på nordsida av garasjen for å gje plass til framtidig uthus/garasjebygg.

### Ny tomt etter klagevurdering :



Klagen vert tatt til følgje og det vert fatta nytt vedtak i saka.

**Vedtak :**

**Austrheim kommune tar klagen til følge og gjev løyve til omdisponering og deling av om lag 22250 m<sup>2</sup> stor tomt med bustadhus på gbnr 131/9 Fønnes. Det vert sett som vilkår at gbnr 131/28 vert samanføyd med gbnr 131/9 før deling. Vedtaket har heimel i §§9 og 12 i jordlova.**